

Til Ordfører Øyvind H. Oddekalv i Meland kommune

20. OKTOBER 2019



Bergen 24. april 2019

Førespurnad om å oppretta kommunekomité for TV-aksjonen NRK 2019

Tusen takk for innsatsen Meland kommune gjorde for TV-aksjonen i fjor!

TV-aksjonen NRK 2019 går til CARE sitt arbeid for å skapa eit betre liv for kvinner i nokre av verdas mest sårbare område.

TV-aksjonen 20. oktober skal gjere det mogeleg for 400 000 kvinner å skapa sin eigen arbeidsplass, bestemma over sin eigen kropp og delta i samfunnet. Dette vil gje ringverknader for meir enn 1,5 millionar menneske.

TV-aksjonen skal gje kvinner eit betre liv, eiga inntekt og til å delta i lokalsamfunnet og i politikken. TV-aksjonsmidlane går til CARE sitt arbeid i Mali, Niger, DR Kongo, Burundi, Rwanda, Palestina, Jordan, Afghanistan og Myanmar.

Kommunekomiteen er avgjerande for å mobilisera organisasjoner, skular, næringsliv, foreiningar, idrettslag og bøssberarar.

Me håper du vil ta på deg vervet som leiar for kommunekomiteen i Meland , og medverke til at TV-aksjonen i år blir ein knallsuksess!

Som leiar for kommunekomiteen er du ein døropnar og eit ansikt utad for organiseringa av verdas største dugnad og innsamlingsaksjon. Komiteen bør også vera sett saman av ressurspersonar frå kommune, skule, foreiningar og næringsliv, som kan bidra til å engasjera frivillige og bøssberarar til årets aksjon.

Vedlagt finn du ei brosjyre med forslag til oppgåver og roller som komiteen kan ta på seg, for å mobilisere så mange lokale støttespelarar som mogeleg. Ved å inkludera fleire menneske i komiteen som oppgåvene kan fordelast på, blir arbeidet lettare for kvart enkelt medlem.

Når kommunekomiteen er utnemnt, ber vi om at medlemane registerer seg på vårt elektroniske registreringsskjema innan 1. juni. Skjemaet finn de på blimed.no/aksjonskomite-paa-1-2-3/

Det vil bli oppretta ein fylkesaksjonskomite i Hordaland som blir leia av fylkesordføraren eller fylkesmannen. Fylkesaksjonskomiteen vil fungera som ein regional støttespelar i gjennomføringa av innsamlinga.

Me gleder oss til eit nytt og spennande TV-aksjonsår, og ser fram til eit godt samarbeid med Meland kommune.

Med venleg helsing

Marte E. Eggum

Fylkeskoordinator TV- aksjonen Hordaland